



2021

# HEMSEDAL KOMMUNE



TERTIALRAPPORT

1. tertial 2021



## Tertialrapport 1. tertial 2021 for Hemsedal kommune

### INNHALD

|                                                    |          |
|----------------------------------------------------|----------|
| <b>1. INNLEIING .....</b>                          | <b>1</b> |
| 1.1. ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT .....                | 1        |
| 1.2. ØKONOMISKE KONSEKVENSAV VIRUSUTBROT .....     | 2        |
| <b>2. INNTEKTER .....</b>                          | <b>3</b> |
| 2.1. RAMMETILSKOT OG SKATT .....                   | 3        |
| 2.2. EIGEDOMSSKATT.....                            | 3        |
| 2.3. ANDRE OVERFØRINGAR OG TILSKOT.....            | 3        |
| 2.4. BRUKARBETALINGAR.....                         | 3        |
| 2.5. SALS- OG LEIGEINNTEKTER.....                  | 4        |
| <b>3. LØN OG PERSONALE .....</b>                   | <b>4</b> |
| 3.1. LØNSKOSTNADER .....                           | 4        |
| 3.2. FRÅVÆR .....                                  | 4        |
| <b>4. EININGANE.....</b>                           | <b>6</b> |
| 4.1. KOMMUNEDIREKTØR MED STAB .....                | 6        |
| 4.2. KULTUR .....                                  | 6        |
| 4.3. OPPVEKST.....                                 | 6        |
| 4.4. HELSE OG OMSORG: .....                        | 7        |
| 4.5. TEKNISK.....                                  | 7        |
| 4.6. NETTO FINANSUTGIFTAR .....                    | 7        |
| 4.7. INVESTERINGAR .....                           | 7        |
| <b>5. KOMMUNEDIREKTØREN SIN OPPSUMMERING.....</b>  | <b>9</b> |
| 5.1 FRAMTIDSUTSIKT – ØKONOMISK RESULTAT 2021 ..... | 10       |

## 1. Innleiing

Pr. 1. tertial er det eit positivt avvik mot budsjett på 14,5 mill. for brutto driftsresultat og 15,8 mill. for netto driftsresultat. Inntekter aukar med 20,3 mill. mot budsjett, mens kostnadane aukar 5,8 mill.


### 1.1. Økonomisk oversikt drift

|                                           | Regnskap     | Budsjett     | 1. tertial    | Budsjett      |
|-------------------------------------------|--------------|--------------|---------------|---------------|
|                                           | 1. tertial   | 1. tertial   | i fjor        | 2021          |
| <i>NOK 1 mill.</i>                        |              |              |               |               |
| Rammetilskudd                             | 33,3         | 33,2         | 34,3          | 78,6          |
| Inntekts- og formuesskatt                 | 33,3         | 29,0         | 25,5          | 92,9          |
| Eiendomsskatt                             | 16,9         | 15,2         | -             | 30,4          |
| Andre skatteinntekter                     | -            | -            | -             | 3,0           |
| Andre overføringer og tilskudd fra staten | 0,9          | 1,7          | 1,1           | 5,0           |
| Overføringer og tilskudd fra andre        | 23,0         | 12,4         | 9,1           | 31,6          |
| Brukerbetalingar                          | 3,9          | 4,1          | 3,4           | 10,1          |
| Salgs- og leieinntekter                   | 20,9         | 16,3         | 13,1          | 38,6          |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                | <b>132,2</b> | <b>111,9</b> | <b>86,5</b>   | <b>290,2</b>  |
| Lønn og sosiale utgifter                  | 64,0         | 61,0         | 63,1          | 173,5         |
| Kjøp av varer og tjenester                | 31,7         | 31,0         | 30,4          | 90,9          |
| Overføringer og tilskudd til andre        | 7,1          | 4,9          | 6,5           | 10,9          |
| Avskrivningar                             | -            | -            | -             | 14,2          |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                 | <b>102,8</b> | <b>97,0</b>  | <b>100,0</b>  | <b>289,4</b>  |
| <b>Brutto driftsresultat</b>              | <b>29,4</b>  | <b>14,9</b>  | <b>- 13,5</b> | <b>0,8</b>    |
| Renteinntekter                            | 0,0          | 0,4          | 0,0           | 1,3           |
| Utbytter                                  | -            | 0,1          | -             | 0,2           |
| Renteutgifter                             | 0,4          | 1,3          | 1,5           | 3,9           |
| Avdrag på lån                             | 3,1          | 3,9          | 2,9           | 11,7          |
| <b>Netto finansutgifter</b>               | <b>- 3,4</b> | <b>- 4,7</b> | <b>- 4,4</b>  | <b>- 14,1</b> |
| Motpost avskrivningar                     | -            | -            | -             | 14,2          |
| <b>Netto driftsresultat</b>               | <b>25,9</b>  | <b>10,2</b>  | <b>- 17,9</b> | <b>0,8</b>    |

Avvik mot budsjett er vist i grafen under. Auke i skatteinntekter, inntekter frå sal av kraft og tilskot for frivilligsentral bidreg varig inn i drifta. Auke i næringstilskot vil gje auke i utgifter seinare når tilskotet blir utbetalt til næringa. Auke i komm.avg. inngår i sjølvkostrekneskapen og avsetjing til bundne fond. Auke i prosjekttilskot bidreg til høgare lønskostnader.

Meir informasjon om dessa avvika følgjer i eiga avsnitt.

## Fra budsjett til regnskap 1. tertial 2021



## 1.2. Økonomiske konsekvensar av virusutbrot

|                                           | Regnskap<br>1. tertial | Budsjett<br>1. tertial | 1. tertial i<br>fjor | Budsjett<br>2021   |
|-------------------------------------------|------------------------|------------------------|----------------------|--------------------|
| <b>Prosjekt 439</b>                       |                        |                        |                      |                    |
| Rammetilskudd                             | 2 268 000              | 1 324 510              | 1 949 000            | 3 138 650          |
| Andre overføringer og tilskudd fra staten | -                      | -                      | -                    | -                  |
| Overføringer og tilskudd fra andre        | 35 898                 | - 17 333               | 170 850              | - 52 000           |
| Salgs- og leieinntekter                   | -                      | - 50 333               | -                    | - 151 000          |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                | <b>2 303 898</b>       | <b>1 256 844</b>       | <b>2 119 850</b>     | <b>2 935 650</b>   |
| Lønnsutgifter                             | 700 171                | 745 734                | 196 702              | 2 118 563          |
| Sosiale utgifter                          | 147 803                | 8 800                  | 50 762               | 25 000             |
| Kjøp av varer og tjenester                | 814 447                | 625 583                | 694 089              | 1 876 750          |
| Overføringer og tilskudd til andre        | 335 898                | -                      | 170 850              | -                  |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                 | <b>1 998 319</b>       | <b>1 380 117</b>       | <b>1 112 403</b>     | <b>4 020 313</b>   |
| <b>Brutto driftsresultat</b>              | <b>305 579</b>         | <b>- 123 274</b>       | <b>1 007 447</b>     | <b>- 1 084 663</b> |

Pr. 1. tertial har Hemsedal kommune 2 milll. i driftsutgifter knytta til virusutbrotet. Utgiftene fordeler seg som følger:

- 0,9 mill. lønskostnader til beredskap, testing, sporing og vaksinerer
- 0,8 mill kjøp av tenester kommuneoverlege og medisinsk utstyr
- 0,3 mill. i vakthold for betring av smittevern

I same periode har kommune fått 2 mill i auka innbyggjartilskot som følgje av virusutbrotet, og eit tilskot på 236' til vaksining. Samla sett påverkar difor prosjekt 439 korona driftsresultatet pr. 1. tertial positivt. Bortfall av inntekter frå brukarbetalingar og leigeinntektar er ikkje berekna inn i prosjektrekneskapen.

I tillegg til auka rammetilskot har Hemsedal kommune fått eit tilskot til vidarefordeling til næringlivet på 8,4 mill. og 250' i ei kommunal kompensasjonsordning for lokale virksomheter. Utbetaling av desse midlane gjennomførast i all hovudsak fyrst i 2. tertial. Dette aukar driftsresultatet i 1. tertial med 7,8 mill. justert for utbetaling av tilskotsmidlar motteke i 2020.

## 2. Inntekter

Pr 1. tertial er driftsinntektene samla på 132,2 mill. Det er 20,3 mill. høgare enn budsjett i perioden.

### 2.1. Rammetilskot og skatt

Rammetilskot og skatt er til saman 4,4 mill. over budsjett pr. 1. tertial. Rammetilskotet er 0,1 mill. høgare trass i at Hemsedal kommune så langt i år har motteke ekstraordinære rammetilskot på til saman 2 mill. knyta til virusutbrotet.

Pr 1. tertial er skatteinngangen samla på 33,3 mill. Det er 4,3 mill. (14,4 %) høgare enn budsjett. Skatt pr. innbyggjar er på 128 % av landsgjennomsnittet. Det gjer ei inntektsutjamning som kjem til reduksjon på rammetilskotet på til saman 4,6 mill.

### 2.2. Eigedomsskatt

Inntekter frå eigedomsskatt er 1,6 mill. over budsjett pr 1. tertial. 1,1 mill. av desse kjem som følgje av etterfakturering av Statnett (Øljusjøen-Hemsil 1 og Hemsil 1-Hemsil 2) for perioden 2017-2019 basert på ny takst etter klage.

Som fylgje av politisk vedtak om opning i bruk av § 28 for ettergiving av delar av eigedomsskatten grunna virusutbrotet, vart budsjettet satt noko lågare enn berekna eigedomsskatt for året.

### 2.3. Andre overføringer og tilskot

Andre overføringer og tilskot er pr. 1. tertial 9,8 mill. høgare enn budsjett. Dei viktigaste avvika mot budsjett er som følgjer:

- 0,8 mill. lågare tilskot grunna færre busette flyktningar
- 8,5 mill. i auka næringstøtte som følgje av virusutbrotet
- 0,4 mill. i tilskot til frivilligsentralen (var inkludert i rammetilskotet på busjetttidspunktet)
- 0,7 mill. i ikkje-budsjetterte prosjekttilskot
- 2 mill. i sjuklønns- og svangerskapsrefusjonar

### 2.4. Brukarbetalingar

Pr. 1. tertial er inntekter frå brukarbetalingar 0,2 mill. lågare enn budsjett. Kulturskulen er ikkje fakturert for 1. halvår.

## 2.5. Sals- og leigeinntekter

Inntekter frå sal av kraft inngår no i sals- og leigeinntekter. Desse vart tidelegare ført som utbytte frå Hemsedal Energi, og påverka såleis netto finans.

Pr. 1. tertial er sals- og leigeinntekter 4,6 mill. høgare enn budsjett. 2,3 mill. kjem som følgje av auka inntekter frå sal av kraft. 2,4 mill. kjem som følgje av auke i fakturert tilknytningsavgift, og vil inngå i sjølkostrekneskapen og avstjing til bundne fond saman med reduksjon i kommunale avgifter på 0,9 mill. så langt i år.

## 3. Løn og personale

### 3.1. Lønskostnader

| Lønskostnader eks. sjukeløns- og svangerskapsrefusjon | Regnskap<br>1.tertial | Budsjett<br>1.tertial | Oppr. budsjett<br>1.tertial | 1. tertial ifjor  | Årsbudsjett<br>2021 |
|-------------------------------------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------------|-------------------|---------------------|
| Sentraladministrasjon                                 | 5 448 088             | 5 332 096             | 5 332 096                   | 5 162 002         | 15 148 000          |
| Oppvekst                                              | 24 140 406            | 23 002 518            | 23 002 518                  | 22 753 193        | 65 343 156          |
| Helse og omsorg                                       | 23 942 320            | 23 611 584            | 23 611 584                  | 23 751 826        | 67 078 364          |
| Teknisk                                               | 8 278 079             | 8 916 873             | 8 916 873                   | 8 314 627         | 25 332 025          |
| <b>Sum</b>                                            | <b>61 808 893</b>     | <b>60 863 071</b>     | <b>60 863 071</b>           | <b>59 981 648</b> | <b>172 901 545</b>  |

Justert for sykkeløns- og svangerskapsrefusjonarpermisjon er lønskostnadane 0,9 mill. høgare enn budsjett pr. 1. tertial. 0,1 mill. av avviket kjem som følgje av virusutbrotet.

Helse og omsorg har eit meirforbruk på 0,3 mill. Eininga har prosjektmidlar avsatt på bundne fond som vil demme opp for meirforbruket ved årets slut.

Det er eit meirforbruk innan oppvekst på 1,1 mill. Tilskot og tilretteleggingsmidlar frå Statsforvalteren og utdanningsdirektoratet kompenserar for meirforbruket pr. 1. tertial, saman med prosjektmidlar avsatt på bundne fond.


På teknisk er det eit mindreforbruk på løn på 0,7 mill. som skuldast periodisering, og vakans innan vaktmester, og forvaltningsområda arealplanlegging og landbruk.

### 3.2. Fråvær

Gjennomsnittleg fråvær ligg noko høgare enn tidlegare år. Normalt vil sjukefråværet gå noko opp om hausten mellom anna som følgje av influensa. Gjennomsnitt for 2021 vert rekna å bli noko redusert i forhold til 2020, med bakgrunn i at fråværet er inkludert Covid-19-relatert fråvær.


Grunna virusutbrotet er det framleis eit stort press på mange verksemdar. Utover dette vurderas sjukefråværet å vere på eit normalt nivå.

## Utvikling i sykefravær 2018 - 2021



## Sykefravær i Hemsedal kommune - Året 2021

Gj. snitt pr. 30.04.2021 = 7,7 %



## 4. Einingane

Sum bevilgning drift for einingane er på 55 mill. pr. 1. tertial, mot 64,1 mill. i budsjett.

### 4.1. Kommunedirektør med stab

Sentraladministrasjonen har eit meirforbruk på 0,7 mill. i 1. tertial. 0,3 mill. kjem som følgje av vedtak om vakthald. 0,2 mill. er auke i løn grunna vikarløn ved sjukdom, og må sjåast i samanheng med auke i refusjonar. 0,3 mill. er eiertilskot til IKA Kongsberg.

|                             | Rekneskap         | Budsjett 1.      | 1. tertial i     |                | Årsbudsjett       |
|-----------------------------|-------------------|------------------|------------------|----------------|-------------------|
| Sentraladministrasjon       | 1. tertial        | tertiat          | fjor             | Avvik i kr     | 2021              |
| Utgifter                    | 10 595 096        | 9 820 312        | 10 348 052       | 774 784        | 27 286 513        |
| Inntekter                   | 358 781           | 477 667          | 497 878          | -118 886       | 1 283 000         |
| <b>Sum bevilgning drift</b> | <b>10 236 315</b> | <b>9 342 646</b> | <b>9 850 174</b> | <b>893 669</b> | <b>26 003 513</b> |

Bevilgning drift under Finans – anna er knyta til sal av kraft. Inntekter frå sal av kraft er 2,2 mill. høgare enn budsjett pr. 1. tertial grunna høgare straumprisar.

|                             | Rekneskap         | Budsjett 1.       | 1. tertial i  |                   | Årsbudsjett       |
|-----------------------------|-------------------|-------------------|---------------|-------------------|-------------------|
| Finans - anna               | 1. tertial        | tertiat           | fjor          | Avvik i kr        | 2021              |
| Utgifter                    | 93 750            | 0                 | 32 553        | 93 750            | 0                 |
| Inntekter                   | 3 734 359         | 1 394 750         | 3 080         | 2 339 609         | 5 579 000         |
| <b>Sum bevilgning drift</b> | <b>-3 640 609</b> | <b>-1 394 750</b> | <b>29 473</b> | <b>-2 245 859</b> | <b>-5 579 000</b> |

### 4.2. Kultur

Ny kultursjef er på plass, og kultur er no organisert inn under kommunedirektør. Tala vil framover inngå i tala til sentraladministrasjonen. Overføring av budsjett og resultat frå 1. mai.

### 4.3. Oppvekst

Oppvekst har eit meirforbruk på 1,4 mill. pr. 1. tertial.

|                             | Rekneskap         | Budsjett 1.       | 1. tertial i      |                  | Årsbudsjett       |
|-----------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|------------------|-------------------|
| Oppvekst                    | 1. tertial        | tertiat           | fjor              | Avvik i kr       | 2021              |
| Utgifter                    | 33 290 047        | 28 588 678        | 30 461 170        | 4 701 369        | 78 200 839        |
| Inntekter                   | 7 456 049         | 4 113 726         | 4 923 132         | 3 342 323        | 10 169 601        |
| <b>Sum bevilgning drift</b> | <b>25 833 998</b> | <b>24 474 953</b> | <b>25 538 038</b> | <b>1 359 045</b> | <b>68 031 238</b> |

Meirforbruket skuldast i all hovudsak kostnader som vil bli refundert, mellom anna for gjesteelevar frå andra kommunar. 0,5 mill. kjem som følgje av peridiseringar knytta til skoleskyss og PPT.

Oppvekst får ein auke i kostnader knytt til barn med særskilte behov. Nye driftstiltak vert lagt fram i budsjettendring 1/2021.

#### 4.4. Helse og omsorg:

Helse og omsorg har eit meirforbruk på 0,2 mill pr. 1. tertial.

|                             | Rekneskap         | Budsjett 1.       | 1. tertial i      |                | Årsbudsjett       |
|-----------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|----------------|-------------------|
| Helse og omsorg             | 1. tertial        | tertiar           | fjor              | Avvik i kr     | 2021              |
| Utgifter                    | 34 102 538        | 35 048 869        | 34 710 705        | -946 331       | 101 390 217       |
| Inntekter                   | 9 556 072         | 10 735 015        | -6 482 234        | -1 178 943     | 26 481 995        |
| <b>Sum bevilgning drift</b> | <b>24 546 465</b> | <b>24 313 853</b> | <b>28 228 472</b> | <b>232 612</b> | <b>74 908 222</b> |

Samla meirforbruk skuldast lågare inntekter. Refusjon knytt til ressurskrevande brukarar kjem fyrst i juni og vil vere lågare enn budsjett for året. Meir om dette i budsjettendring 1/2021.

#### 4.5 Teknisk

Teknisk har eit mindreforbuk på 9,4 mill.

Drifta er i hovudsak i rute økonomisk, men grunna sjukemeldingar og negative effekter av corona er ein på etterslep når det gjeld gjennomføring av større planprosesser slik som arbeid med kommunedelplan idrett/ anlegg, rullering av arealdelen, sti og løype, bustadsosial handlingsplan m.m.

|                             | Rekneskap         | Budsjett 1.      | 1. tertial i      |                   | Årsbudsjett       |
|-----------------------------|-------------------|------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Teknisk                     | 1. tertial        | tertiar          | fjor              | Avvik i kr        | 2021              |
| Utgifter                    | 24 696 123        | 23 542 290       | 24 462 000        | 1 153 833         | 68 340 275        |
| Inntekter                   | 26 715 858        | 16 140 402       | 13 667 745        | 10 575 456        | 36 747 887        |
| <b>Sum bevilgning drift</b> | <b>-2 019 734</b> | <b>7 401 888</b> | <b>10 794 256</b> | <b>-9 421 622</b> | <b>31 592 388</b> |

Auka inntekter skuldast i hovudsak kompensasjonsmidlar corona, ca. 8,4 mill + kr. 250.000,- som skal delast ut til næringslivet i 2. tertial. Det er registrert noko tap på gebyrinntekter grunna sjukemelding og redusert tenesteproduksjon grunna corona. Høg aktivitet innen bygg/ anlegg forklarar auke i tilknytningsgebyr over budsjett, men effekt av corona har og redusert noko på vassforbruk med tilsvarande redusert inntekt – samla netto svak auke på vatn-/ avlaupsområde.

#### 4.6 Netto finansutgifter

Netto finansutgifter er 1,3 mill. lågare enn budsjett pr. 1. tertial. Både renter og avdrag er lågare som følgje av lågare låneopptak og fortsatt lav rente.

Etter reklassifiseringa av inntekter frå Hemsedal Energi påverkar ikkje utbytteutbetalingar netto finans i vesentleg grad.

#### 4.7 Investeringar

Hemsedal kommune jobbar med fleire store investeringsprosjekt for å møte auke i folketalet. Arbeide med å sikre framdrift og kontroll er ressurskrevjande, og vil prega administrasjonen sine prioriteringar dei neste åra.

Investeringar i varige driftsmidler er budsjettert til 194,8 mill. i 2021. Så langt i år er 16,3 mill. nytta.

|                                                              | Regnskap          |                    |
|--------------------------------------------------------------|-------------------|--------------------|
|                                                              | 1. tertial        | Budsjett 2021      |
| <b>Bevilgningsoversikt - investering</b>                     |                   |                    |
| Investeringer i varige driftsmidler                          | 16 259 981        | 194 804 750        |
| Tilskudd til andres investeringer                            | -                 | 3 500 000          |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper                | 34 000            | 585 000            |
| Utlån av egne midler                                         | 3 000 000         | 1 780 000          |
| Avdrag på lån                                                | -                 | -                  |
| <b>Sum investeringsutgifter</b>                              | <b>19 293 981</b> | <b>200 669 750</b> |
| Kompensasjon for merverdiavgift                              | 2 911 347         | 26 557 750         |
| Tilskudd fra andre                                           | -                 | 678 000            |
| Salg av varige driftsmidler                                  | 2 838 049         | 10 388 000         |
| Salg av finansielle anleggsmidler                            | -                 | -                  |
| Utdeling fra selskaper                                       | -                 | -                  |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler                      | -                 | -                  |
| Bruk av lån                                                  | -                 | 163 439 000        |
| <b>Sum investeringsinntekter</b>                             | <b>5 749 396</b>  | <b>201 062 750</b> |
| Videreutlån                                                  | -                 | 3 000 000          |
| Bruk av lån til videreutlån                                  | -                 | 3 000 000          |
| Avdrag på lån til videreutlån                                | 1 407 518         | 690 000            |
| Mottatte avdrag på videreutlån                               | 1 200             | 690 000            |
| <b>Netto utgifter videreutlån</b>                            | <b>1 406 318</b>  | <b>-</b>           |
| Overføring fra drift                                         | -                 | -                  |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond  | 1 073 359 -       | 2 758 000          |
| Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond | -                 | 2 365 000          |
| Dekning av tidligere års udekket beløp                       | -                 | -                  |
| Sum overføring fra drift og netto avsetninger                | 1 073 359 -       | 393 000            |
| Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)           | -                 | -                  |

Det er for tidleg å seie noko om samla framdrift for året. Sentralskulen og omsorgsbustader følgjer i all hovudsak framdriftsplan. Det er fortsatt nok noko usikkerheit knytt til endelege grunnkjøpsinvesteringar.

Viser til eiga sak om prosjekt 010 Krikken – ny drikkevasskilde og prosjekt 118 VA-ledning Holdebakken – Tuv i mai.

Meirforbruk på 175' på prosjekt 002 Ny GPS rover/målebok kjem etter ei omprioritering. Kjøp av biler nedprioriterast i 2021.

Meirforbruk på 65' på prosjekt 021 Ombygging Ulsåk oppvekstsenter skuldast igangsetting av forprosjekt – rom og funksjonsplan. Gjennomføring av prosjektet ligg inne i økonomiplanen i 2022.

| Prosjekt                                        |                                                           | Regnskap<br>1. tertial | Budsjett<br>2021   |
|-------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------|------------------------|--------------------|
| 002                                             | Ny GPS rover /målebok                                     | 174 649                | -                  |
| 005                                             | Investering bygg jfr plan for vedlikehald/invest          | 45 535                 | 1 000 000          |
| 007                                             | Veglys                                                    | -                      | 350 000            |
| 008                                             | Sentralskule med trafikkareal                             | 6 010 201              | 75 000 000         |
| 009                                             | Parkeringsareal Tuv Oppvekstsenter inkl belysning         | -                      | 200 000            |
| 010                                             | Krikken ny drikkevasskilde                                | 406 808                | 12 430 000         |
| 012                                             | Kjøp av IT-utstyr til skolen                              | 252 390                | 628 000            |
| 017                                             | Oppgradeing gml lensmannskontor i Trøimshallen            | -                      | 150 000            |
| 021                                             | Ombygging Ulsåk oppvekstsenter - barnehage                | 64 975                 | -                  |
| 033                                             | Kjøp av biler                                             | -                      | 300 000            |
| 049                                             | Tiltak trafikktryggleiksplan                              | 76 215                 | 2 500 000          |
| 053                                             | Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg                     | 898 082                | 3 000 000          |
| 056                                             | Utviding av returpunkt                                    | 26 470                 | 3 000 000          |
| 057                                             | Velferdsteknologi - helse og omsorg                       | -                      | 100 000            |
| 064                                             | Geovekst                                                  | -                      | 170 000            |
| 078                                             | Forsterkning og asfaltering Haugavegen                    | -                      | 465 000            |
| 085                                             | Forsterkning og asfaltering GS-veg Hugnadheim_FV (KV1019) | -                      | 150 000            |
| 100                                             | Bru Bruøyne - K-sak 50/2019                               | -                      | 2 500 000          |
| 108                                             | Høgdebasseng Holdebakken                                  | 248 350                | 14 708 000         |
| 116                                             | Øya Camping                                               | 16 800                 | -                  |
| 118                                             | VA-ledning Holdebakken-Tuv                                | 17 028                 | 12 000 000         |
| 150                                             | Veg og VA, Haugsvegen, Tunsv. og Trøimsvegen              | -                      | 2 980 000          |
| 157                                             | Omsorgsbustader - nye Bråtenjordet                        | 5 014 390              | 20 000 000         |
| 217                                             | Grasklyppar                                               | -                      | 116 000            |
| 220                                             | Røntgenutstyr/pasientsignal - legesenteret                | -                      | 300 000            |
| 250                                             | Golf Alpin                                                | 6 935                  | -                  |
| 251                                             | Grunnkjøp HIAS, Øya, Krikken, Gravset m.m.                | 89 806                 | 16 200 000         |
| <b>Sum prosjekter</b>                           |                                                           | <b>13 348 634</b>      | <b>168 247 000</b> |
| Merverdiavgift                                  |                                                           | 2 911 347              | 26 557 750         |
| <b>Sum investeringer i varige driftsmidleer</b> |                                                           | <b>16 259 981</b>      | <b>194 804 750</b> |

## 5. Kommunedirektøren sin oppsummering

Virusutbrotet påverkar framleis drifta i kommunen negativt. Det kostar å stå i ei krise over tid. Sjukefråver og oppsigelsar aukar kostnadene, og langtidseffekten er uviss. Parallelt med ordinær drift skal organisasjonen planlegge, og gjennomføre avbøtande tiltak i høve corona. Arbeidet med vaksinerer er i gang, uforutsigbarheit rundt mottak av vaksinar vanskeleggjer ein allereie krevjande situasjon med lite ressursar.

Heile organisasjonen opplever stor arbeidsbelastning knytt til coronasituasjonen. I perioden var det utstrakt bruk av heimekontorløyisingar og nettmøte i staden for fysiske møte. Kommunen si kriseleing har hatt stort fokus på beredskapsarbeidet med målsetting om god dialog med innbyggjarar og verksemdar i kommunen. Skisesongen innber store variasjonar i innbyggjartal og krev stor fleksibilitet i smittesporingsarbeidet.

Skatteinntektene halde seg på et høgt nivå, og kompensasjonsordningene har fanga godt opp dei fleste direkte kostnadene sålangt.

Arbeidet med digitalisering av kommunen sine tenester har hatt fokus i perioden. Kommunane i Hallingdal har i denne perioden arbeidd med å førebu seg på skifte av sak/arkivsystem som skjer i mai. Det er beslutta at kommunane skal i gang med eByggesak- og ePlansak- modular noko som er venta å gje gevinstar for både kommunen og tenestemottakar.

Arbeidet med sentralskulen og omsorgsbustader følger i all hovudsak framdriftsplan.

## 5.1 Framtidsutsikt – økonomisk resultat 2021

Oppvekst og helse og omsorg står ovanfor ei auke i utgifter knytta til ressurskrevande brukarar og barn med behov for ekstra oppfølging. Sokm følgje av dette vil det bli fremma fleire driftstiltak i budsjettendring 1/2021. Dei nye driftstiltak kan så langt me ser no finaniseres gjennom auke i skatteinntekter og sal av kraft.

Følgjande områder er det knytt spesielt uvisse til i 2021;

- Statlege kompensasjonar for kostnadsauke og inntektstap som følgje av virusutbrotet etter at auke i innbyggjartilskot bortfaller i mai
- Vidare utvikling i skatteinngangen
- Kostnadar til ressurskrevjande brukarar og spesielle behov i barnehage og skule
- Kostnader knytt til juridisk bistand, omdømmetap og rekruttering som følgje av pågåande konflikstar

